



Skulekoret som er danna i samband med visitasen er godt i gong med øvingane.

**Biskop Ole D. Hagesæther kjem på visitas til Kvinnherad prestegjeld til veka og på den første dagen, som er tirsdag 20. mars, vil han halda kveldsgudstjeneste i Uskedalen kyrkje. Han skal også ha møte med sokneråda på Solheim Turiststasjon når han er i bygda vår. Vistasen varar fram til 25. mars.**

Uskedalen Oppvekstsenter vart spurde om det var noko dei kunne bidra med under visitasen og fann ut at eit skulekor kunne vera eit godt innslag. Eit par av lærarane tok på seg ansvaret, og dei elevar frå fjerde til sjuande klasse som hadde lyst kunne vera med.

Øvingane er i gong. Regien er ved lærarane, men det er elevane som både spelar og syng. Nettavisa for oppvekstsenteret stiller dette spørsmålet:

- Kanskje kan dette vere eit innslag som vi kan få sjå også i andre samanhengar?

I ei andakt i påskenummeret til Uskedalsposten skriv biskopen mellom anna:

"Minnet frå opninga av "barnekyrkja" i desember 2004 har eg med meg som ei glad hending. Vi var så mange. Vi var så nær kvarandre. Og så var det alle englane som skuleborna hadde forma med streng og vliselin. Ein av dei var "tom i hovudet", slik eg sjølv er mange gonger. Men eg veit kvar eg kan finna hjelp og rettleiing".

Av Ola Matti Mathisen